

## ***Referat frå årsmøte i Rsg i Haugesund fredag 24.02.06.***

Møteleiar Olaug Vikingstad ønske velkomen.

Leiar i Tysvær Sau og Geit, Ole Jonny Espevold sa velkomen til Haugesund.

Ordførar Reidar Pedersen ønske velkomen til Haugaland og regionsenteret Haugesund. Han sa at på grunn av sauesanking og arbeid med sauar og lam i september kunne dei ikkje ha kommunestyremøta på den tida. Det er ca 9500 innbyggjarar i Tysvær kommune. Talet på innbyggjarar steig på 80-talet under utbygginga av Kårsø. Tysvær har hatt stor tilflytting av unge familiar.

Ca 10 % av arbeidsplassane er i primærnæringa. Ca 30 % er industriarbeidsplassar og ca 33 % er innan kommune, fylke og stat.

Det er 183 bønder som har sau i Tysvær. Talet på geiter er 155.

4 miniseminningar er starta dei siste åra. Tysvær Sau og Geit har gitt ut boka "Frå tase til kjendis".

Tysvær slit med igjengroing, så her gjer sauene eit godt arbeid.

Reidar Pedersen ønske lukke til med årsmøtet.

Leiar i Rsg, Sigmund Skjæveland sa og velkomen til årsmøtet. Han meinte det måtte setjast ned ein resolusjonskomitè. Desse vart valt: Peder Ravndal, Gjesdal, leiar. Nils Petter Aarrestad, Time og Øyvind Bergøy, Hjelmeland.

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Sigurd Tysvær ville på vegne av Vats Sau og Geit at kontingenten til Norsk Sau og Geit skulle diskuterast av årsmøtet. Sigmund meinte at resolusjonskomitèen må ta dette opp.

Ole Jonny Espevold tok opprop av årsmøtedeltakarane.

Val av 2 personar til å skriva under møterefateret.

Rune Bollestad, Gjesdal og Harald Sleveland frå Helleland Sau og Geit vart valt.

Tale av leiar i Rsg, Sigmund Skjæveland.

Sigmund synest at det var bra at det i år var ein del nye unge utsendingar og fleire damer enn sist årsmøte.

Lokallaga slit med å få personar til å verta leiarar av laga.

I januar hadde Ølen Sau og Geit årsmøte og vil no over til Rogaland Sau og Geit. Dei er velkomen og er innbydde til dette årsmøtet.

Året som har gått.

Det var som kjent landsmøte i 2005. Eit av forslaga på Landsmøte var å flytta landsmøtet med 14 dagar. Utsendingane frå Rogaland måtte kjempa for at dette ikkje skulle skje og fekk gjennomslag.

Vedtaksendingar.

Fylkesstyret skal ha 4 styremedlemer. Vi har i dag 5.

Det er i dag 5 valregionar. Den regionen som ikkje får styremedlem skal ha 1. vara, som møter i styret.

Nsg, fylkeslaga og lokallaga heiter no Sau og Geit.

Omorganisering av avlen.

Leiar i Landsrådet, Bjørn Høyland får mykje skryt for jobben han gjer.

Sigmund er og godt nøgd med jobben til kåringsansvarleg Berit Pettersen.

I år kjem Rsg til å arrangere Islandstur i staden for fjelldagane. Sidan det er 30 år fjelldagane har vorte arrangert er dette ein jubileumstur. Turen startar opp fredag 4. august frå Sola og vi er tilbake torsdag kveld den 10. august. Program til dei som har meldt seg på vil verta sendt ut.

Prisar på lam.

Rsg meiner at prisane på lam må verta høgare og då spesielt i byrjinga av sesongen. Dette har Rogalandsbonden støtte for i andre delar av landet, noko som og vart sagt då vi besøkte Jon Sand i Lier i samband med fjelldagane 2005. Styret har i 2005 sendt eit skriv til Nsg om prisar på lam.

Verving.

Vi har ein supervervar i frå Helleland Sau og Geit som heiter Harald Sleveland.

I år må vi alle gjera ein innsats for å få fleire medlemmer. Vi har ca 900 personar i Rogaland som har sau og som ikkje er med i sauelag. Alle personar som har sau og ikkje er med i sauelag må kontaktast. Vi må ut før lamminga startar opp. Sigmund har hittil i år verva 3 medlemmer.

Dorset.

Det er lagt inn embryo av rasen Dorset på sau i Hå kommune. Dorset er ein rase som kan visa brunst heile året. Dette prosjektet har fylkesmannens landbruksavdeling sett i gang for på sikt å kunna tilføra den Norske forbrukar ferskt lammekjøtt av god kvalitet store delar av året. Rsg er med i dette prosjektet utan kostnad for fylkeslaget.

Import av småfe.

Styret i Rsg tar avstand frå dette og har skriva brev til Nsg om import.

Sigmund sa at sauebønderne må tenkja seg grundig om og ikkje ta inn levande dyr frå utlandet. Vi har godt avlsmateriale på sau i Norge i dag.

Agrovisjonen.

Det møtte opp få sauebønder på agrovisjonen som vart arrangert i Stavanger Forum 4. og 5. november 2005. Agrovisjonen skal neste gong arrangerast i 2007. Det vil då verta i oktober og Sigmund håpar på betre tilslutnad frå sauebønder.

Støtte til sauebønder i Rendalen.

Rsg gjekk inn for eit garantibeløp på opptil 50000 kr for at 13 sauebønder i Rendalen kunne ta opp rettssak om beiterett. Dette var med og avgjorde at saka kunne takast opp.

Merke til småfe.

Mattilsynet og Os Husdyrmerkefabrikk A/S gjekk i haust ut og sa det var bestemt at det skal vera 2 øyremerke i småfe. Dette er endå ikkje heilt klarlagt. Nsg har arbeidd med at det må vera nok med eitt øyremerke i småfe. Sigmund håpar det vert slik til slutt.

Moen Bjøllefabrikk AS skal til våren ha eit forsøk med elektroniske øyremerke til småfe. Ved å bruka elektroniske øyremerke vil ein kunna spare arbeid ved veging av lam, og ikkje minst på slakteria vil ein kunne spare arbeid og få mindre feillesing av individnr. på dyra.

Sauetalet går ned i alle fylke unntatt Rogaland. Rogaland har hatt stabilt sauetal dei seinare åra. Sigmund vert kvart år invitert til arbeidsmøte i Rogaland Bondelag. Dette er positive møte. På grunn av marknadsbalanse bør ein i år kunna heva målprisen. Vi vil og kunna få høgare tilskot til å ha sauen på utmarksbeite. Sauen må i år få eit løft. Vert ulltilskotet som følgje av WTO-forhandlingane tatt bort, vert det ingen inntekt på ulla for bonden.

Hallvar Ween frå Fagforum for mat og drikke: Framtid for tradisjonell næring!

Sau og lam må verta til mat. Hallvar er stolt av å koma frå bondeslekt.

Folk i Rogaland har levd og lever av å laga mat. Landbrukssamvirket har vore med å hjelpt til, så vi har fått "Fagforum for mat og drikke". Det har vore ein lang prosess å byggja opp "Fagforum for mat og drikke". Det var vi som tok initiativ til Glad mat. Vi har godt samarbeid med Bondelaga. Det var 4 til 5000 besøkande på agrovisjonen.

Sauebøndene er for lite marknadsorienterte. Dei er for opptatt med å sjå inn i sauebingen, ikkje ut av bingen. Vi er alle i marknaden. Kvalitet og smakfulle produkt er viktig. Det er kø for å få tak i Kvitsøylam. Marknaden er villig til å betala ekstra for kvalitet og opplevingar. Vi må produsere lam heile året. Lamma må ha kvalitet og omdømme.

Sauebøndene produserer lam av god kvalitet med godt omdømme. De er matprodusentar og tar vare på kulturlandskapet.

Sauebøndene kan stå i sauebingen og sjå utover.

Sigmund takka Hallvard Ween for innlegget og gav han Rsg-krus.

Årsmeldinga for 2005.

Jostein Seldal gjekk igjennom årsmeldinga.

Nils Fjellanger meinte at brev om prisar på lam burde vore med i årsmeldinga.

Ola Jordebekk sa at Sauda var med i valregionen Ryfylke. Fatland slakterier har skrive om at ullkvaliteten har vorte dårlegare. Vi må setja større krav til kåringsdommarane når det gjeld ull. Det må kunna verta med ein ullklassifisør på kåringane. Ola meinte og at fylkeslaget burde ha tatt opp dei nye reglane om merkeforskrifter på eit tidlegare tidspunkt.

Kåringsansvarleg Berit Pettersen svarte at det bør vera lik praksis på alle kåringsssjå. Kåra vèrlam som skal inn i ring må ha ullanalyse.

Sigmund Skjæveland svarte at vi ikkje kan setja inn alle brev i årsmeldinga. Når det gjeld merkeordninga har Rsg stadig vore i kontakt med Nsg. Norsk Sau og Geit har samarbeid med dei rette fora. Mattilsynet vil truleg halda på 2 merke. Næringa meiner det held med 1 merke. Håpar landbruksdepartementet vil bestemma det som næringa ønskjer.

Ove Ommundsen sa at landbruksdepartementet og næringa er einige om at det er nok med eitt øyremerke på slaktelamma. Livlamma skal ha 2 merke, eitt plastmerke + eitt tilleggs-merke.

Sigmund Skjæveland sa at lokallaga må gje beskjed til sekretæren om kven som er vorte ny leiar og ny kasserar i dei forskjellige lokallaga. Han gav skryt for den ferske sæden frå Særheim. Bjørn Høyland måtte bringa dette vidare.

Årsmeldinga vart godkjent.

Rekneskap og budsjett for Rogaland Sau og Geit 2005.

Kasserar Leif Matnisdal gjekk igjennom rekneskapen og budsjettet.

Kommentarar frå utsendingane:

Passivt å ha så mykje pengar i banken.

Bruka pengane til nytte for næringa.

Bør ha høgare budsjett på medlemskontingent for 2006.

Svar frå Sigmund Skjæveland.

Vi prøver å bruka pengane på ein fornuftig måte. Brukte mykje pengar på agrovisjonen i 2005. Vi har lagt inn 290.000 kr på medlemskontingent for 2006. Medlemstalet har gått ned. Rekneskap og budsjett vart godkjent.

Innkomne saker.

Leiar i resolusjonskomitèen Peder Ravndal la fram dette for årsmøtet:

Fordeling av medlemskontingenten vert ikkje tatt opp.

Lam heile året vert ikkje diskutert.

Kvaliteten på lam vert ikkje tatt opp.

Kjell Høyvik frå Rogaland Bondelag.

Vi tar med signal frå saueneringa til forhandlingane om jordbruksavtalen. Det har vore medlemsauke i Bondelaget.

Rogaland er matfylke nr. 1. Vi har 20 % av matproduksjonen i landet.

Ikkje gløym den som går heima i kjeledressen. Kva meiner de og kva vil de framover?

Godt val og lukke til med årsmøtet.

Arbeidsplanen for 2006.

Gerd Helen Bø gjekk igjennom arbeidsplanen.

Sigmund Skjæveland sa at nordsida av Rogaland skal prioriterast med møteserie i 2007. (januar?)

Tur til Island av Olaug Vikingstad.

Det er 155 påmelde. Frammøte fredag den 4. august kl 05:00 til 5:30 på Stavanger Lufthavn Sola og retur til Sola på torsdag 10. august kl 21:25.

Program vil verta sendt i posten til alle som har meldt seg på. Vi startar opp på fredagen med bad i den Blå Lagune – svovelholdig varmt vatn.

Festmiddagen fredag kveld.

Einar D. Eikje, Nedstrand fekk etter forslag mottatt av Tysvær Sau og Geit overrekt æresdiplom av Rogaland Sau og Geit. Han vert og æresmedlem i Rsg. Einar fekk denne diplomten for alt arbeidet han har gjort for sauehaldet i Rogaland og resten av landet.

Kate Sofie og Sivert Mattingsdal, Brusand fekk pokal for beste ver. Det var ver 200440353 med 123 i O indeks og 125 i kjøtfylde.

Pokal for beste bukk fekk Sissel og Jarle Thomsen, Dirdal. Det er Sesam med 105 i indeks og 9 i avlsverdi jur.

Referat frå årsmøte i Rsg i Haugesund laurdag den 25.02.06.

Sigmund Skjæveland orienterte om at styret i Rsg på fredag kveld hadde attvald Knut Sveinung Kleppa for 2 nye år i avlsutvalet i Rogaland.

Brev frå Suldal Sau og Geit om å ha med ullklassifisør på kåringsssjå vart levert til avlsutvalet i Rogaland for handsaming.

Styret støtta valnemnda som gjekk inn for 5 valregionar som i dag. Det skal no vera 4 styremedlemmer i styret. Varaperson til styret skal koma i frå den 5. regionen.

Gjermund Fiveland sa i frå at Sauda Sau og Geit er med i valregionen for Ryfylke. Peder Ravndal kom med forslag på vedtektsendring for styret i fylkeslaget der det bør stå at det skal vera minst 4 styremedlemer. I dag står det at det skal vera 4 styremedlemer. Rsg har hatt 5 styremedlemer til dette årsmøtet. Leiaren for valnemnda 2006 støtta dette forslaget.

Det vart einstemmig bestemt at det i år skulle vera 5 valregionar og 4 styremedlemer.

Val.

Leiar av valnemnda Magne Jakob Bjørheim leia valet. Det vart talt opp 52 stemmeberettiga.

Øyvind Bergøy som var foreslått til ny styremedlem i staden for Gerd Helen Bø fekk ordet. Han driv ein gard med mjølkeproduksjon og 124 vinterføra sauar. Øyvind er no tilsett som rådmann i Hjelmeland kommune.

Kvifor han sa ja til å verta valt til styret i Rsg? Vil vera med i miljøet som har med sau å gjera. Meiner han kan få gjort noko i laget. Har lang erfaring og god kjennskap til sauemiljøa. Er opptatt av økonomi og marknad. Det er slutt på offentlege tenestefolk for sauene. I dag kan ein få ut ein del pengar av det offentlege ved å drive prosjekt.

Han har vore tilsett i Sau og Geit og redaktør i bladet i Sau og Geit.

1 Leiar i Rsg for 2006.

Forslag på attval på Sigmund Skjæveland, Bjerkreim. Valt med 51 stemmer, 1 blank.

2 Styremedlemer. Valt for 2 år.

Forslag på attval på Leif Matnisdal, Brusand. Valt med 52 stemmer.

Gerd Helen Bø går ut av styret.

Forslag på Øyvind Bergøy, Hjelmeland. Valt med 49 stemmer, 3 blanke.

Nils Helland, Vikeså går ut av styret. På grunn av at det no skal vera 4 i styret i staden for 5 personar vart det ikkje valt nytt styremedlem.

3 1. vara til styret.

Forslag på Kirsten Selebø, Hauge i Dalane. Einstemmig valt.

vara møter fast på alle styremøta.

vara til styret vart Per Johan Lyse, Nedstrand einstemmig valt.

vara til styret vart Margunn Nedrebø, Ålgård einstemmig valt.

4 Nestleiar.

Jostein Seldal vart einstemmig valt.

5 Revisorar med personlege varamenn.

Attval på Tor Olav Gya, Helleland med Andre R. Kjørmo som vara. Einstemmig.

6. Olaug Vikingstad, Karmøy vart valt som møteleiar 2007.

7. Godtgjersle til tillitsvalde.

Forslag på ingen endring for 2006. Årsmøtet var einige.

Leiar: 25.000 kr + 750 kr per dag over 30 dagar.

Nestleiar: 8.000 kr.

Kasserar: 13.000 kr.

Styremedlemer og 1. vara til styret: 4.000 kr.

Andre tillitsvalde: Inga godtgjersle dei 3 første dagane, deretter 750 kr per dag.

8 Ny valnemnd med vara.

Årsmøtet valte desse personane:

Nord-Jæren: Berit Pettersen, Ålgård med Kjell Åge Torsen, Rennesøy som vara.

Sør-Jæren: Torill Undheim, Nærbø med Jarl Nord-Varhaug, Brusand som vara.

Ryfylke: Lars Egil Bakka, Suldal med Bjørn Laugaland, Hjelmeland som vara.

Nils Fjellanger kom med forslag på ny vara til valnemnda i Dalane. Dette på grunn av at vara Kirsten Selebø er valt inn til 1. vara til styret i Rsg.

Alf Torstein Pettersen, Sokndal vart valt til vara.

6 lokale sauelag stilte ikkje med utsendingar til årsmøtet i Rsg.

Sven Haugom, leiar i Vest-Agder Sau og Geit.

Takka for invitasjonen. Vest-Agder Sau og Geit samarbeider godt med Rogaland Sau og Geit. Det er greitt å vera på årsmøte for å knytta kontaktar.

Resolusjonar einstemmig vedtatt på Rogaland Sau og Geit sitt årsmøte i 2006

lagt fram av leiar i komiteen, Peder Ravndal.

Import av livdyr er unødvendig og risikabelt.

Ei sauenæring,- eitt avlsarbeid.

Desse resolusjonane skal gå ut til avisar, fagblad Gilde Norsk Kjøtt og Gilde Vest.

Ove Ommundsen sa at resolusjonane må sendast på mail til dei som skal ha dei. Det vil då gå raskare. Sigmund Skjæveland skulle ta seg av dette.

Leiar i Landrådet for saueavl, Bjørn Høyland og leiar i avsutvalet for sau i Rogaland, Knut Sveinung Kleppa støtta resolusjonen. Dei sa at vi må samla oss om eitt avlsopplegg. Nsg skal driva avlsarbeidet på sau.

Det var kommentarar i frå årsmøteutsendingar på at det må kunna verta anledning til kjøtkåring av vèrlam fleire plassar enn i dag.

Nsg må konsentrere seg om enten fersk eller frosen sæd til småfe.

Ove Ommundsen, styremedlem i Nsg og leiar av utmarksnemnda.

Han takka for at styret i Rsg hadde garantert for eit beløp opp mot 50000 kr for at 13 sauebønder i Rendalen kunne anka saka si om beiterett. Staten ville nekta sauebøndene å ha sauar med lam på utmarksbeite på grunn av rovdyr. At sauebøndene i Rogaland støtta sauebøndene i Rendalen var lagt merke til.

Nsg har mange jern i elden, men for få resursar. Vi har mykje arbeid som skal gjerast, men Nsg slit økonomisk. Ikkje alle saker går ut til høyring i fylkeslaga. Vi har god politisk kontakt. Dette kan vi takka leiaren vår, Odd E. Risan for. Vi har og godt samarbeid med bondelaget og bonde og småbrukarlaget. Det har vore ein liten nedgang i medlemstalet siste året. Denne utviklinga må vi snu. Ein vil kunna få gode avtalar med Gjensidige forsikring dersom ein er medlem i sauelag. Gjensidige er suverene i pris på landbruksforsikring. Dei er med å arrangerer kurs på lokalplan med innlegg. Gjensidige betalar då kostnaden med møte.

Merkeforskrifter.

Nsg sitt forslag er at slaktelam skal merkast med eitt merke og livlam med 2 merke der det eine kan vera erstatningmerke. Dette vert det arbeidd med å få vedtatt.

Mattilsynet vil gå inn for beitenekt dersom ein ikkje kan sei kor dyra går til ei kvar tid. Her må det då inn med gjetar. I eit ulveområde er det utruleg vanskeleg å ha sau og lam på beite. Ulven tar og småfe på innmarksbeite. Beiteretten er utruleg viktig. Dersom bøndene på grunn av rovdyr må ha dyra sine borte frå eit beiteområde, må dei få ei årleg erstatning. Det vart skote ein bjørn i eit beiteområde for sau. Sauebonden vakta sauene og skaut bjørnen ved angrep.

Nødvergeretten skal takast opp til vurdering. Det er i dag lov til å fella bjørn ved fare for angrep.

Det vil verta gitt løyve på å skyta ein del jerv. Vi har ynglane jerv i Sogn og Fjordane. Det skal ikkje vera ynglane rovdyr i region 1. Vi har ca 100 bjørn i Norge og 3 ynglingar.

Gilde-konferanse: Sau i Region Vest på Sola.

Positivt at Gilde prøver å få til eksport av lam. Eksporten må verta av hei/fjell-lam. Dette er eit tilnærma økologisk produkt. Lam og sauar som går heime må handsamast ofte mot snyltarar.

Det kjem stadig nye og gode produkt frå sau og lam.

Sekretæranane i fylkeslaga i Sau og Geit er delvis lønna av Gilde.

Jordbruksoppgjæret.

Her må det skje eit løft for sauenæringa dette året. Vi har fått eit signal på at det vil verta eit løft. Vi må ha eit pristillegg pr kg kjøt på 5 kr. Utmarkstillegget må kunne aukast. Vi må sjå på strukturen i sauehaldet. Det er ikkje sikkert at sauebesetningane bør verta større.

Vi har no fleirtalsregjering for å betra økonomien innan sauehaldet.

Første sats for produksjonstilskot på sau kan gå opp til 100 sau. I dag er det frå 0 til 75 vaksne sauar. Når det gjeld lammetilskotet er det forslag om å heva summen med 50 kr på dei beste klassane. Målprisen på lammeslakt må og hevast.

Øyvind Bergøy sa at dei som hadde fleire produksjonar på garden måtte vera obs på maks tilskot. Lammetilskotet burde følgja slaktelamma og at det ikkje burde vera noko begrensning på dette.

Ved oppstarting som bonde får ein først statleg tilskot etter 1 års drift.

Svaret var at overtar ein gard 1. januar, så kjem det statlege tilskotet rundt 1. august.

Jostein Seldal sa at pengane til organisert beitebruk no vert bevilga til kommunane som igjen skal dela ut pengar til beitelag. Jostein meinte det kunne verta vanskeleg å få pengar til gjerdehald.

Ove Ommundsen hadde tru på framtida. Vi må vere optimistiske, visa at vi gleder oss og har det godt. Vi har det bra. Gode stunder under lamminga og sanking i fint ver kan vera ein god oppleving.

Ove Myklebust frå Gilde Vest.

Han sa at slakteklassane stadig vert betre. 83,4 % av 116.085 lam som vert slakta på Forus kjem i slakteklassane O+ og oppover. Dei siste 10 åra har gjennomsnitt slaktevekt på landsplan auka med 1 kg. Gjennomsnitt slakteklassar har på same tid auka frå O-/O til O+/R-.

Det er overfeite lam ein må gå til kamp mot. Ca 14 % av lamma kjem i feittgruppe 3 og oppover. I framtida må det produserast mest mogleg lam i feittgruppe 2. Dette må ein ta hensyn til i saueavlen og slakta lamma når dei er slaktemogne, før dei vert overfeite. Ca 55 % av lamma som vart slakta på Forus og ca 40 % av lamma som vart slakta på Sandeid heldt stjernelamtillegget. Ove sa at det var behov for ferske lam til påske og at prisen då vil vera ca 5 kr per kg over prisen 1. januar. Han meinte prisen generelt ville liggja ca kr 1,50 høgare enn i 2005 og at det ikkje skulle verta problem å få seld dei lamma som i 2006 kjem inn til slakt.

Bjørn Høyland frå landsrådet.

Salet av frosen sæd har gått ned. Fersk sæd har auka litt. I forsøket med varigheit på sæd kjem sæd som er inseminert 12 timar etter tapping best ut. Det går ann å gjera eit forsøk i Suldal på at lamma kjem klypte til kåringa. Dei må klyppast seinast 14 dagar før kåringa og ullfellen må vera dømt av ein ullklassifisør.

Sigmund Skjæveland gav ros til arbeidet styret i Rsg utførte.

Takka avtroppane styremedlemer Nils Helland og Gerd Helen Bø for god innsats med blomster og Rsg-krus.

Olaug Vikingstad avslutta med dikt, dagens slutt.

Harald Sleveland Rune Bollestad

[Tilbake](#)